

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 16. mai 2012

Frammøtte:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Svenn-Arve Myklebost

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: ingen.

Synnøve O. Rosales, Hilde Haaland-Kramer og Arve Kjell Uthaug møtte med talerett, men utan røyserett. Jan A. Johansen var til stades under første delen av møtet, men gjekk under sak 4 (før røystinga).

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå rådsmøtet 25. januar 2012

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

A. Hagen orienterte om stipendiatstillingane som er under tilsetjing ved instituttet. Hild E. Hoff og Sigrid Ørevik har takka ja til dei øyremerkte stipenda i engelsk fagdidaktikk, og instituttet har innstilt til det øyremerkte stipendet i arabisk. Instituttleiar vil òg senda innstilling til dei fem opne stipendiatstillingane innan nokre få dagar.

B. Breivik orientering om andre utlyste stillingar: fredag 18. mai er det prøveforelesingar og intervju med dei tre rangerte søkjarane til stillinga som professor/førsteamanuensis i latinamerikansk litteratur. Tysdag 22. mai er det intervju og prøveforelesing med dei tre rangerte søkjarane til vikariatet for Kevin McCafferty på engelsk lingvistik. Den sakkunnige komiteen arbeider med å vurdere dei fem søkjarane til professorstillinga i japansk.

C. Tildeling av forskningsterminar i 2013: instituttet har fått inn ni søknader, og Breivik rekna med at saka vert ferdigbehandla i veke 21.

D. SAK-samarbeidet innanfor fransk og tysk går vidare, men Oslo har trekt seg ut. Breivik er prosjektleiar, og ein av dei tilsette i administrasjonen vil gå inn som koordinator.

E. Charles Armstrong har sagt opp stillinga ved IF. Instituttet tek sikte på utlysing av stilling i britisk litteratur snarast råd.

Sak 4 – Oppfølginga av undervisningsrekneskapan ved IF

McCafferty foreslo å vedta framlegget frå instituttleiinga bortsett frå punktet om å sletta oppsamla pluss- og minustid frå tida før 2007. Dette vil innebera å stryka følgjande setning frå vedtaksframlegget: «*Deretter vil oppsamla pluss- og minustid frå tida før hausten 2007 bli strøken*». I tillegg må det gjerast justeringar i utkastet til retningsliner slik at desse i samsvar med det endra

framlegget. Skagen foreslo, i tråd med lærarmøtet på fransk, at oppsamla pluss- og minustal frå tida før 2007 blir bokført og teke vare på sjølv om det blir stroke i sjølve undervisningsrekneskapen.

Møtet drøfta spørsmålet om undervisningsrekneskapen, og instituttleiinga held fast på framlegget som vart sendt ut med innkallinga.

Vedtak (6 røysta for, 2 imot):

- (1) Rådet vedtek framlegget til «Retningslinjer for bruk av undervisningsrekneskapen ved Institutt for framandspråk».*
- (2) Første steg er å vurdere oppsamla plusstid frå tida før IF vart oppretta. Instituttleiar vil gjera dette gjennom medarbeidersamtalar og vil vurdere ekstra forskningstermin for dei som har høgast overskot. Deretter vil oppsamla pluss- og minustid frå tida før hausten 2007 bli stroken. Neste steg er å følgja opp oppsamla pluss- og minustid frå IF-perioden. Her vil det bli vurdert ekstra forskningstermin for dei som har høgast overskot, og det vil bli lagt opp til å halda alle innanfor tilnærma balanse i undervisningsrekneskapen.*
- (3) Dei nye retningslinjene gjeld frå og med registreringa for vårsemesteret 2012.*
- (4) Instituttleiinga rapporterer tilbake til rådet om oppfølginga av dette vedtaket seinast hausten 2013.*

Sidan framlegget frå instituttleiinga vart vedteke, vart det ikkje aktuelt å gå vidare til å røysta over det alternative framlegget frå McCafferty.

Sak 5 – Strategiplan for instituttet 2012-2015

McCafferty etterlyste meir konkrete mål for forskinga, t.d. at alle skal ha eit visst minimum av konferanseinnlegg og publikasjonar. Breivik viste til at slike konkretiseringar kunne inkluderast i ein handlingsplan for instituttet, og McCafferty var samd i at ein kunne venta med slike konkretiseringar til ein handlingsplan. Koppen etterlyste ei grunngeving av kvifor instituttet skal vi halda fram med å støtta og styrkja forskingsgruppene. Når forskargruppene vert løfta særleg fram i planen, bør dette grunnjevast. Hagen ønskte at den individuelle forskaren skulle framhevast tydelegare i planen.

Møtet gjorde visse redaksjonelle endringar i planen.

Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek den framlagde strategiplanen for instituttet 2012-2015 med dei redaksjonelle endringane som kom fram i møtet.

Sak 6 – Prioritering av faste stillingar til HF-budsjettet 2013

Nytt framlegg til vedtak (datert 16.5) vart levert ut i møtet.

Spanskfaget har igjen drøfta stillingsprioriteringar og held fast på at ein ønskjer ei ny stilling innanfor *kulturkunnskap*. Fagkoordinator Synnøve Ones Rosales deltok på møtet og orienterte om faget sitt syn. Skulle ein få ei ny stilling i portugisisk *språk*, må ein i realiteten byggja opp eit nytt språkfag med minimum tre stillingar. I staden ønskjer altså faget at instituttet skal be fakultetet om ei ny stilling i «brasiliansk kultur og språk». Slik kan ein få integrert brasiliansk kulturkunnskap i latinamerikastudiet, eventuelt òg supplert undervisningstilbodet med eit emne i portugisisk språk som valfritt emne. Men

om instituttleiing og fakultet ikkje vil støtta ei ny stilling i kulturkunnskap, vil faget heller gå inn for ei stilling i portugisisk språk enn inga stilling.

Hagen streka under at instituttleiinga har prøvd å vera realistisk og sett at ein ikkje får ei tredje kulturkunnskapsstilling, og at ein har fått klare signal om at fakultetsleiinga tenkjer slik. «Kultur og språk» er dessutan ei utydeleg stilling, meinte Hagen. Kva for person ønskjer ein i så fall å rekruttera - ein som er halvvegs språkperson og halvvegs kulturperson?

Det vart oppklara i møtet at instituttleiinga har telt feil, og at den tredje stillinga i kulturkunnskap ligg inne i dei 9.5 stillingane faget står oppført med i bemanningsplanen. Uthaug meinte likevel ikkje dette ville opna for ei tredje stilling i kulturkunnskap dersom fakultetsleiinga er avvisande og dersom det òg må prioriterast ei utviding til full stilling i fagdidaktikk – samstundes som dagens bemanningsplan seier at faget er «noe høyt dimensjonert». Tilsetjing i ei tredje kulturkunnskapsstilling og utviding til full stilling i fagdidaktikk ville gje spansk språk og latinamerikastudium til saman 10 stillingar.

Instituttleiar foreslo å bytta om rekkjefølgja på stillingane i tysk og portugisisk, og det kom ingen innvendingar mot dette.

Vedtak (samrøystes, justert versjon sendt på sirkulasjon 25.5.2012):

A. Instituttet bed fakultetet lysa ut følgjande stillingar innanfor ramma av bemanningsplanen 2012-2016: britisk litteratur, engelsk fagdidaktikk, fransk språk og tysk litteratur.

B. Instituttet vil arbeida for å få lyst ut følgjande stillingar i tillegg til gjeldand bemanningsplan, i prioritert rekkjefølgje:

- 1. engelsk lingvistikk*
- 2. fransk litteratur*
- 3. spansk fagdidaktikk (1/2 stilling)*
- 4. tysk språk*
- 5. latinamerikansk kulturkunnskap*

C. Instituttet vil i tillegg be om å få omdisponera ressursar frå mellombels tilsette til fast tilsette lektorar i ulike prosentar på nokre av faga ved instituttet.

Sak 7 – Retningsliner for programstyre, fagkoordinatorar og emneansvarlege ved IF

Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek framlegga til retningsliner for programstyre, fagkoordinatorar og emneansvarlege ved IF.

8. Ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef